

**KONTROLLUTVALET I
STORDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 27. august 2019, kl. 13.00

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Jonas Falch

Elles til stades: Vigdis Hove Øie og Roger Lillebø

Ikkje meldt forfall: Reidun Torpe Langhaug og Jarle Hove

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn

Tømmerdal. Frå Stordal kommune møtte ordførar Eva Hove.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 10/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 22.05.2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 22. mai 2019 blir godkjent.

Sak 11/19 - Innstilling på val av revisjonsordning og revisor for Fjord kommune etter 1. januar 2020

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 20. august 2019

Det blei opplyst i møtet at Møre og Romsdal Revisjon SA blei skipa i Kristiansund fredag 23. august 2019. Kontrollutvalet valde derfor å stryke setninga i innstillinga punkt 2 som lydde: «...så framt selskapet blir stifta som planlagt».

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak som innstilling til Fjord fellesnemnd:

1. Fellesnemnda vel revisjon i eigenregi for Fjord kommune.
2. Fellesnemnda vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Fjord kommune.

Sak 12/19 - Vurdering av revisors uavhengigheit.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 20. august 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Stordal kommune tek revisors vurdering av uavhengigheit til vitande.

Møtet var slutt kl. 13.35

Jonas Falch
leiar
(sign)

Roger Lillebø
nestleiar
(sign)

Vigdis Hove Øie
medlem
(sign)